

5. september 2017

Til heimane i barnehagen.

**Informasjon om organisering og ansvars-fordeling av ulike oppgåver i barnehagen, m.m.**

**Styrar** (*Torunn Tolleshaug Hovden*) har det overordna ansvaret for barnehagen og personalet. Ho tek seg av alle formelle saker som søknader, ulike endringar i tilbodet, oppseiingar , ansvar for at det vert laga årsplan for barnehagen, osv.

Styrar- / rektorkontoret er i skulebygningen, foreldra er velkomne inn om/når det er saker de vil snakka med styraren om.

**Inspektør** (*Vigdis Villanger*) og styrar deler på arbeidet med dei administrative arbeidsoppgåvene i barnehagen.

**Pedagogisk leiar** . Barnehagelærarane *Magnhild Nøttveit* og *Renate Olsvoll Dale* deler i år på ped.leiar-ansvaret i barnehagen. *Magnhild* arbeider 80% og har pedleiaransvaret dei 4 første dagane i veka. *Renate* arbeider også 80%, og ho er ped.leiar om fredagane.

Saman med dei andre tilsette, har ped.leiarane ansvar for det daglege opplegget i barnehagen. Etter innspel og samarbeid med styrar, dei andre tilsette og med foreldra - lagar ped.leiarane også planar for tema-/satsings-område for barnehageåret.

Ped.leiarane lagar til vanleg månadsbrev til foreldra med oversikt over det ein vil driva med i den komande månaden + litt tilbakemelding om korleis det har gått, og event. spesielle ting barnehagen har vore med på i forrige månad.

**Barnehagelærer** (*Iren Vestheim Johansen*) samarbeider ekstra tett med dei pedagogiske leiarane, og deler på nokre av dei oppgåvene barnehagelærarane har spesielt har ansvar for.

**Fagarbeidarar** (*Janne-Marie Rath, Ingrid Rikstad og Sissel Soltveit*) har saman med dei pedagogiske leiarane og barnehagelæraren ansvaret for «dagleglivet» i barnehagen.

**Ny Rammeplan for barnehagen, gjeldande for 1.august 2017.**

Døme på ein del viktige punkt i den nye planen:

- Tydeleggjer kva personalet skal gjera for at borna skal trivast og utvikla seg
- Nulltoleranse for mobbing i barnehagen er tema i den nye rammeplanen
- Byggjer vidare på den norske barnehagetradisjonen der leiken har ein sentral plass.
- Meir systematisk arbeid med mangfold, språk og vennskap

- Sikra gode overgangar: Oppstart i barnehagen og overgang til skulen
- Barnehagane skal bli meir bevisste på å bruka måltider og matlaging til å utvikla matglede og sunne helsevanar hos borna.

### **Lokal årsplan.**

Alle barnehagar skal kvart år laga **ein lokal årsplan**. Denne skal godkjennast av Samarbeidsutvalet (SU). (Austebygd har felles SU for barnehagen og skulen). Når Austebygd barnehage sin årsplan er ferdig og godkjent i SU hausten 2017, vert den lagt ut på heimesida til barnehagen.

Sidan ny rammeplan nettopp har trådd i kraft, vil personalet trengja tid til å setja seg grundig inn i kva den vil bety for oss. Det er på sentralt hald i kommunen difor bestemt at barnehagane i 17/18 i hovudsak kan bruka fjorårets mal på dei lokale årsplanane.

### **Møte/samarbeid**

Styrar/inspektør og ped.leiar samarbeider og informerer kvarandre om praktiske og pedagogiske saker vedrørande barnehagedrifta. Me har m.a. faste møte ein gong pr. veke.

Ca. ein gong pr. månad har alle dei barnehagetilsette eit felles avdelings-/personalmøte der ulike aktuelle saker vert tatt opp, m.a. vil me arbeida systematisk med den nye rammeplanen.

Felles administrasjon for skule/barnehage, gjer at me m.a kan tilretteleggja bruken av ulike rom, særskilt kjøkken og gym.sal, slik at det passar inn i barnehagen sin rytme. Me vektlegg også å få til ein del felles aktivitetar i skulen/barnehagen. (Sjå meir om dette lenger ute i dette info-skrivet.)

### **Opningstid**

Ordinær opningstid i barnehagen er **kl. 07.30 – 16.30**.

Ved skriftleg påmelding kan foreldre **gjera avtale** med styrar om tidlegare oppstart for barnet sitt (ml. 07.00 -07.30).

**NB! Det er viktig at oppmøtet til dei som har meldt seg på til tidleg-opning (ml. kl. 07.00 og kl. 07.30) skjer til det avtalte klokkeslettet.** Personalet har arbeidstidene sine ut frå påmeldingane til morgon-opning.

Personalbemanninga her er også planlagt ut frå dette.

Også for dei som begynner i barnehagen ved ordinær opningstid, kl.07.30 – er bemanninga planlagt ut frå dette klokkeslettet.

*Maks opphaldstid i barnehagen er alltid 9 timar pr. dag.*

### **Samarbeid med skulefritidsordninga.**

SFO - tilbudet om morgonen vert organisert i samarbeid med barnehagen, og dei barna som skal på morgon-SFO, møter alltid opp i barnehagen. Også om ettermiddagen, er det samarbeid mellom SFO og barnehagen, frå ca. kl.15.30.

### **Felles arrangement mellom skulen og barnehagen.**

Ein fredag i månaden har skulen og barnehagen felles månadssamling i gymsalen, der elevane i ein av klassane har program og resten av elevane + barnehagen er publikum. Dette skule- og barnehageåret vil ein del av desse samlingane vera *sang-samlingar*.

Måndagane før jul har me *adventssamlingar* i gym.salen, og ein av desse adventssamlingane har barnehagen ansvar for.

Skulen og barnehagen har både juleavslutning, påskekafe og sommarfest i lag. Og ein dag i februar inviterer 7.årstrinn på skulen både barnehageborn, elevar og tilsette på felles lunsj i gymsalen ☺

Siste skuletime annakvar fredag, får ei gruppe barnehagebarn vera på skulen og leika i lag med elevar på småskuletrinnet.

Elevar frå mellomtrinnet (5.-6.årstrinn) skal gjennom skuleåret vera i lag med barnehageborna ca. annakvar veke. Dei vil då lesa for barnehagebarna. Å leika i lag, og vera i gym.salen - kan også vera aktuelt.

Førskulegruppa i barnehagen har eit samarbeid med 6. årstrinn på skulen – som ein del av skuleførebuinga si. Dette startar me opp med rundt påsketider. Kontaktlærarane på mellomtrinnet - og elevane - vil i lag med pedagogisk leiar laga planar for dette.

  
Torunn Tolleshaug Hovden  
styrar